Øygarden ungdomsskule

# Møtereferat FAU 31.05.2021

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Stad:** | Øygarden ungdomsskule | **Møtedato/Tid:** | 31.05.2021 |
| **Referent:** | Tore Foldnes – Rektor ØUS | **Møtenr.:** | 3 |
| **Til stades:** | Anette Solsvik (FAU-leiar, 10M1), Tord Algrøy (8M1), Aina Hitsøy (8M3), Ina Rong (9M1), Kjersti Nordøy (Nestleiar FAU, 9M2), Wenche Almeland (10M1) og Tore Foldnes (rektor) | | |
| **Forfall:** | Christina Isdahl (8M2), Synnøve Sæle (9M3), Inger Lise Oen Sæle (10M2), Karina Stølsnes Haganes (10M3) | | |

## SAKSLISTE

| Saksnr. | Tema | Ansvarleg |
|---|---|---|
| 1 | Status natteravn:<br>• Natteravn Rong er etablert. Det er inngått avtale med organisasjonen Natteravnene, laga etiske retningslinjer og oppretta Facebookgrupper.<br>• Det er FAU-leiarane på Rong barneskule og ØUS, samt andre engasjerte som har stått bak ein stor jobb med å få Natteravn Rong på plass.<br>• Positivt oppslag i VestNytt om etableringa.<br>• Facebook vert nytta til å organisere natteravn, alle kan søke medlemskap i denne gruppa.<br>• Erfaringar så langt er at det er roleg på Rong, men at natteravnane har vore godt motteke.<br>• No vert det viktig at føresette og andre melder seg til å gå natteravn, slik at tilbodet kan oppretthaldast i sommar (fredagar/laurdagar). | |
| 2 | FAU neste skuleår:<br>• Det vert viktig å gjennomføre klasseforeldremøte tidleg slik at representantar til FAU kan velgjast.<br>• Det er FAU på Rong barneskule og på ØUS som skal organisere natteravningen. | |
| 3 | Vitnemålsutdeling:<br>• Vert gjennomført 17. juni i tre seremonier i Kulturhuset på Rong:<br>  ○ 17.30-18.30: 10M1 (Kan møte i småsal 17.15 til velkomst, seremoni ferdig 18.15 – lokale må «vaskast» før neste gruppe) | |

**Besøksadresse** Øygarden rådhus, Foldnesvegen 1, 5354 STRAUME
**Postadresse** Ternholmvegen 2, 5337 RONG
**Konto.nr.** 1506.24.29981
**Org.nr.** 922 53 0890
**Telefon** 56 16 00 00
**E post** postmottak@oygarden.kommune.no

| | | |
|---|---|---|
| | ○ 18.30-19.30: 10M2 (Kan møte i småsal 18.15 til velkomst, seremoni ferdig 19.15 – lokale må «vaskast» før neste gruppe)<br>○ 19.30-20.30: 10M3 (Kan møte i småsal 19.15 til velkomst, seremoni ferdig 20.15)<br>• Invitasjon vert sendt ut på eit seinare tidspunkt.<br>• Viktig å ha ein fotograf som kan ta fine bilete av klassane (mellomgruppene). | |
| 4 | Munnleg eksamen:<br>• Skulle ha vore 4. juni, men vart avlyst. Dette medfører endringar i planane fram mot skuleslutt for 10. trinn. Opplegg for dagane kjem det melding om frå skulen. | |
| 5 | Ball for 10. trinn:<br>• Forslag om å arrangere ball for 10. trinn. Dette vert eit for krevande arrangment å arrangere før sommarferien, i tillegg til utfordringar knytt til smittevern.<br>• Elevane på 10. trinn får ein dag (i FAU-regi) på Sotra Villmarkssenter. Informasjon om opplegg her vert sendt ut frå skulen. | |
| 6 | Klassetur 10. trinn:<br>• Dette gjeld klassetur til Polen. Det er ikkje satt av pengar i budsjett i inneverande år for gjennomføring av dette.<br>• Denne saka tek vi med inn i SU møte for å høyre om politisk representant veit noko knytt til framtidsplanane her. | |

Med helsing

Tore Foldnes

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur